

Vår ref.:
26/02313-1

Vår dato:
18.02.26

Referat IDF møte 21.01.2026

Dato og møtets varigheit: 21.01.2026 klokka 14.00 til 15.30

Stad: Teams

Referent: Linn Melby Meyer

Til stades:

Arbeidsgjevar:

Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Anette Olene Fristad	Avdelingsleiar HR
Linn Melby Meyer	Seniorrådgjevar HR
Endre Laastad	Sak 07/06
Björg Kristin Selvik	Sak 09/26
Christine Øye	Sak 09/26
Øyvind Midtbø Berge	Sak 10/26

Arbeidstakar:

Gjert Anders Askevold	Forskerforbundet (FF)
Jan Ove Rogde Mjånes	Akademikerne
Øystein Backelin	Norsk Tjenestemannslag (NTL)
Karl-Eric Melander	Parat

Karin Bell	Hovudverneombod (HVO)
------------	-----------------------

Forfall:

Anne Lone Hovland	Seniorrådgjevar HR
Anette Undheim	Seniorrådgjevar HR

01/26 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen kommentarar til innkallinga. Akademikerne meldte inn ein sak til eventuelt.

02/26 – Informasjon frå tillitsvalde

Akademikerne viser til at tilsette har meldt inn om tekniske utfordringar knytt til fjernundervisning i undervisningsrom. Tilsette møter opp på rom der utstyret ikkje fungerer eller at dei tilsette ikkje har fått opplæring i bruk av systema. Ønskjer at IT set fokus på å sjekke utstyr samt kunne tilby opplæring for bruk av utstyret. Forskerforbundet (FF) melder inn same problemstilling og viser til at det er viktig med god kapasitet på IT for å løyse dette.

Organisasjonsdirektør viser til at problemstillinga er kompleks og samansett, og vi veit at vi har system som ikkje snakkar saman. Men vi har merksemd på å arbeide med å løyse dette.

FF informerer om at Forskerforbundet i VINST har fått midlar til å arrangere konferanse på tvers i november 2026. Viser til at det kan komme invitasjon til leiinga. Vidare minner FF på at dei ønskjer tilbakemelding på innmeldt sak 12. desember om organisering av administrasjonen på FHS.

NTL viser til at det er NTL-dagen 12. februar, og at det i den samanheng vil bli arrangert seminar og kurs for medlemmane i februar.

03/26 – informasjon frå HVO

Hovudverneombodet (HVO) viser til at det vert verneombodssamling 15. og 16. juni på campus Bergen. Her vert også tillitsvalde, HR og organisasjonsdirektør invitert med. Tema på samlinga vil vere «konflikthandtering» med vekt «verneomboda si rolle inn mot konflikthandtering».

HVO viser til at det er endringar i arbeidsmiljøloven §4.3 om krav til det psykososiale arbeidsmiljøet. I tillegg til dette minner HVO om at det skal vere medverknad i saker både av tillitsvalde og verneombod i saker knytt til alle prorektor- og direktør-linjene.

04/26 – Informasjon frå arbeidsgjevar

Organisasjonsdirektør viser til at oppdragsbrev fra rektor er publisert. Desse inneheld styringssignal, prioriteringar og forventningar til dekanar, prorektorar og direktørar. I dette er beredskap eit prioritert område og vi skal denne våren ha eit arbeid med å revidere beredskapsplan og planverk knytt til beredskap.

Organisasjonsdirektør viser til at arbeidet med HMS-handlingsplan er i siste fase og klar for rektorvedtak.

Avdelingsleiar HR har sett på moglegheitsrommet knytt til DFØ og digitale skjema knytt til permisjonar og avslutting av arbeidsforhold. Det vert gjennomført ei prosesskartlegging av dette for å sjå om vi kan ta i bruk desse moglegheitene for å effektivisere sakshandsaminga.

Avdelingsleiar HR har starta med eit arbeid knytt til godkjenning av gjennomføring av tenestereiser. FTMS har sagt seg villige til å vere pilot. Det er ønskjeleg å sjå om dette er ei føremålstenleg løysing for oss. Vi ser det er ulike behov i fakulteta, og det vil krevje god informasjon ut i forkant av oppstart. Det kjem meir informasjon ut om dette til IDF-møte i mars.

FF stiller spørsmål om reisegodkjenning på førehand vil auke administrasjon for HVL og om ein ikkje trengjer å få reiserekninga godkjend i etterkant? Avdelingsleiar HR viser til reiseregelementet slår fast at tenestereiser skal godkjennast før reise, og at utgiftene til reisene skal godkjennast ved avslutta reise.

Avdelingsleiar viser til at ein er starta å jobbe med retningslinjer for æresdoktor ved HVL. Informasjon og drøftingsak blir lagt fram for IDF møte i mars.

05/26 – Auka nærvær på campus

Organisasjonsdirektør orienterte kort. Viser til tydlegare meldingar frå rektor om auka nærvær på campus. Ønskjer innspel frå tillitsvalde om korleis vi skal jobbe med dette, kva er viktigast? Er det å jobbe med retningslinjer og tydeleggjering eller å arbeide vidare med haldningar og kultur?

FF viser til at det er viktig å drive ei haldningskampanje for tilsette og vise til at det er på campus arbeidet er. Det er betre å synleggjere meirverdien ved auka nærvær, enn å stramme inn på retningslinjene.

Avdelingsleiar HR viser til at avdelinga ikkje har hatt kapasitet til å følgje dette arbeidet med evaluering av ordninga med heimearbeid. Men leiarane i undersøkinga viser til ei usikkerheit om kva som meinast med heimearbeid «innimellom». Det er ønskje om å tydeleggjere og forenkle regelverket for å redusere usikkerheita.

HVO viser til at det er naudsynt med retningslinjer, samt å ha fokus på at både vitenskapleg og administrativt tilsette arbeider frå campus. Viser til at det er viktig at ein er til stades på campus, både for studentar, kollegaer og andre. I tillegg til dette er det viktig å ha et fokus mot dei tilsette som har avtale om å arbeid i andre land.

Akademikerne viser til at det er viktig med handlingsrom og at det er ein del tilsette som har gyldige og gode grunnar for å sitte heime i periodar. HVL må klargjere kva handlingsrom leiarane har, det må vere rom for fleksibilitet. Det er viktig å fokusere på dei gode sidene i denne saka, ved å synleggjere dei positive sidene ved å vere på arbeidsplassen.

06/26 – Starta og slutta i perioden 6.12.2025 -31.01.2026

FF viser til at det er mange som har slutta i perioden og relativt få som er tilsett, og dei som blir tilsett er ein stor del vikarar. Dette kan skape tap av viktig kompetanse og kan utfordre korleis fagmiljøa blir utvikla.

Organisasjonsdirektør viser til at dette er eitt augneblikksbilete. Avdelingsleiar HR viser til at det vil komme ei årsverksutvikling for 2025 på neste IDF møte.

07/26 – Planlagde byggeprosjekt i HVL

Oversikt over oppstart av nye prosjekt var vedlagd saken. Avdelingsleiar ved Arealforvaltning, drift og utvikling (ADU) orienterte kort. Ønskjer at tillitsvalde og vernetenesta oppnemner medlemmar som skal vere med i nye arbeidsgrupper.

FF stilte spørsmål knytt til «skallsikring» av nybygget i Haugesund. Viser til at det dette er i motsetnad til det å vere «tett på». Det er mange ulike ønskjer og FF viser til at dialog og informasjon er viktig. Vidare stiller FF spørsmål om «skallsikring» på dei andre campus, og om det er gjort ei ROS-analyse som tek med seg dei ulike risikobilda på kvar campus. Avdelingsleiar ADU tek med seg dette vidare i linja.

NTL stilte spørsmål om HVL har skrevet under ny avtale med Fosshaugane AS? Avdelingsleiar ADU viser til at dei har meldt ifrå om oppseiing av dei areala vi går ut av og vil vidare underskrive ny avtale når denne er klar. Det kjem informasjon om dette på vestibylen.

08/26 – Kunnskapsgrunnlag og vidare prosess for prosjekt medverknad

Organisasjonsdirektør orienterte kort. Neste fase av prosjektet vil vere innspelsmøter i organisasjonen. Leiarar må legge til rette for å gjennomføre innspelsmøter nedover i linjene i februar og mars. Det vil bli utarbeid støttemateriale til leiarane som kan nyttast her.

Akademikerne viser til at dei kan hjelpe til med å orientere om neste fase. Ønskjer å arrangere medlemsmøte der ein førebur medlemmane for å kunne medverke i innspelsmøta.

09/26 – Revisjon av strategi og ny utviklingsavtale

Prorektor for forskning orienterte kort. Ny utviklingsavtale skal utarbeidast i samarbeid med KD. Arbeidsgruppa som er satt ned er breidt involvert og det det vil vere høyringsrundar før endeleg avtale blir sendt inn 15 mars.

HVO viser til at dei ikkje er ein del av arbeidsgruppa, men dersom dei får utviklingsavtalen til høyring er dette ok.

10/26 – Hospiteringsordninga i Brussel

Prorektor for nyskaping og regional utvikling orienterte kort om hospiteringsordninga og dei retningslinjene og vilkåra som skulle drøftast i møte.

Akademikerne viser til at dette er eitt positivt tiltak. Men viser til at det er viktig å evaluere ordninga etter ei gitt tid, for å få erfaring internt i HVL.

Organisasjonane og HVO stiller spørsmål om kven ordninga er tenkt for? Og om det set avgrensingar for tilsette om dei ikkje kan ha heimekontor? Prorektor viser til at dersom du er fast tilsett ved HVL kan du søke, men det er forventa at du sender inn ein søknad der om kva du forventar av hospiteringsordninga og kva du kan bidra med i perioden, så vil vurderinga blir gjort etter kriterium for utveljing.

FF er også positiv til ordninga. Men er samd i at det må vere gjenstand for revisjon. Stiller spørsmål om kven som dekker dei 40 000 kr i månaden?

Prorektor viser til at det er satt av strategiske midlar for dei to første opphalda i budsjettet. Ein skal no i gang med å lyse ut opphald for haust 2026, og vår 2027, slik at det kan planleggast inn i arbeidsplanåret. Skal ha løpande evaluering og ta ein fot i bakken og ser på behov for justeringar før ny utlysing.

Akademikerne ønskjer at det kan leggast ved ei kort rapport eller presentasjon ved avslutta hospitantperiode til fagmiljøet ved HVL for å få kunnskapen inn i organisasjonen. Prorektor stettar dette.

11/26 – Revidert mandat for forskings- og innovasjonsutvalet

Organisasjonsdirektør orienterte kort.

Akademikerne viser til at innhaldet i mandatet ser bra ut og ser at det delvis er spegla frå HVL nivået med nokre fakultetstilpassingar. Stiller spørsmål om forskjellen i samansettinga av medlemmar på fakultetsnivå, der nokre er knytt til doktorgradsprogrammet og nokon av representantane ikkje er det. Stiller spørsmål kvifor det er ulik samansetting? Organisasjonsdirektør viser til at vi sjekkar opp og kjem med ei tilbakemelding.

FF ønskjer at det i mandatet må ryddast i både tal medlemmar og begrepsbruken slik at ein har eins ordbruk gjennom heile dokumentet. FF viser vidare til at utviklingsarbeidet blir borte i både tekst og innhald. Stiller spørsmål om dosentløpet i denne samanheng.

Organisasjonsdirektør viser til det vil komme ei tilbakemelding på korleis merknadane frå drøftinga vert ivareteke i oppdatert mandat.

12/26 Eventuelt

Akademikerne meldte inn ei problemstilling knytt til lønn og personvern. Arbeidsgjevar viser til at lønn er offentleg informasjon og kan ikkje sette avgrensingar på kven som får innsyn i dette. Men vi kan oppmode dei tilsette ved slike førespurnader til å ta kontakt med næraste leiar eller HR dersom dei har spørsmål.

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ingen handskrivne signaturar.